

Soknerådsmøte i Moster kyrkje mandag 04.06.18

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre. 1.vara: Sigurd Totland, 2.vara: Magnhild Nøstbakken

Sak 50 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 08.05.18

Innkalling og møtebok godkjend.

Melde saker:

-Vedtak om sommarfullmakt

-Endring av offerliste *

Sak 51 – 2018 Oppfylging av tidlegare saker.

- **Evaluering konfirmasjon 12 og 13.mai:** Det er kome gode tilbakemeldingar. Kanskje ein kan ha eit ungdommeleg musikkinnslag neste år, og at ein tenkjer meir på musikalsk attkjenning
- **Evaluering amfigudsteneste 3.juni:** 306 møtte. Ein bør marknadsføre gudstenesta i heile Sunnhordland, og involvere kor o.a. Det var ei god preike. Kjekt å ha med kor og orkester.
- **Framlegg til budsjettpostar Moster sokn i fellelrådet**
Soknerådet vart orientert.

Sak 52 -2018 Utbetring av inngangsparti v. Landmark Maskin

Ein brukar brustein i staden for heller, med ei ramme rundt som stabiliserer. Soknerådet går inn for løysinga som er lagt fram av kyrkjevevja.

Sak 53 – 2018 Deltaking i førstehjelpskurs og brannvern i Bømlø kyrkje Torsdag 07-juni kl.18:00. Jfr. Melding frå kyrkjevevje Trygve Leigland

Soknerådet er orientert og sender deltakarar på kurset. Soknerådet forventar at det vert årlege brannøvingar.

Sak 54 – 2018 Referat og meldingar

- Status godkjenning av preikestolsklede m.m. Er no godkjendt på mail. Ventar på endeleg godkjenningsdokument.
- Bønesamlingar før gudstenester: Nesten alle på lista har sagt ja. Til hausten vil ein vere i gong med bønesamlingane.
- Opning av kystpilegrimsleia – markering 5.juni (På Dalaneset ca. frå kl. 10.00 og utover.)
- Medarbeiderfest 18/10: Det vert kalla inn til komitè møte i juni.
- Orgelkomite: Har hatt to møter. Har innarbeida rutinar på referering og kven som skal ha referat. Gunnvald Bjotveit orienterte.

- Andre meldingar frå leiar, sokneprest med fleire:

Elin Taranger orienterte om brot på teleslyngja i kyrkja. Ein vurderer å gå over til trålaust system. Dette vert ei sak på neste soknerådsmøte. Elin følgjer opp dette vidare

Aksel Lygre orienterte om Estlandskomiteen sin tur i August.

Inger Marie Gjerde orienterte om formelle ting som må på plass, - underskrifter o.a. for å opprette eigen orgelkonto.

Sak 55 –2018 Sommarfullmakt

Soknerådet gjev leiar, nestleiar og sokneprest generell sommarfullmakt til hastevedtak, fram til soknerådsmøtet i august.

***Saka om endring av offerlista vart ikkje handsama på møtet.**

Per Harald Gjerde
Skrivar